



## "Saman om" i god gjenge

Finnøy og Rennesøy kommune er kome godt ut av startgropa i arbeidet med felles samarbeidsprosjekt "Saman om ein betre kommune". Styringsgruppa har m.a. vedtatt ein kommunikasjonsplan som seier at det annankvar månad skal gå ut kortfatta informasjon til alle tilsette og folkevalde i dei to kommunane med nytt om/frå prosjektet. "Saman om" er eit treparts-samarbeid mellom administrasjonen, fagorganisasjonane og dei folkevalde.

Her kjem dei første to sidene med aktuell orientering om kva som skjer, og kva som vil stå på dagsorden i "Saman om" dei næraste månadene.

## Prosjekt med breidde og spenst

*Prosjektleder Vegard Thise og hovduttillitsvald for Fagforbundet i Rennesøy, Anne Brith Salte, kan konstatere at det skjer mykje i "Saman om" i dei to nabokommunane.*



Vegard Thise har vore i arbeid som felles prosjektleder for "Saman om" sidan februar 2012. Han melder om ein travel haust med mykje aktivitet over eit breitt felt. Saman kan Vegard og Karin Dokken Austvik, organisasjons- og personalsjef og lokal prosjektansvarleg i Rennesøy, presentere ein omfattande oversikt over konkrete tiltak og delprosjekt:

- Felles kickoff-samling på Utsyn 3.september med ca. 60 deltakarar frå begge kommunane. Kompetanse og kompetansomobilisering var hovudtema, med BI-professor Linda Lai som foredragshaldar.
- Styringsgruppe og prosjektgruppe er i fullt arbeid. Representantar frå begge gruppene deltok på nasjonal nettverkssamling på Gardermoen i september.

- Finnøy starta 20. november opp lokalt leiarutviklingsprogram, med Svein Helgesen som prosjektleder. Programmet skal gå fram til sommaren 2014. I tillegg til ca. 25 leiarar deltar tre hovduttillitsvalde.
- Rennesøy vil innan mars 2013 avslutte eit vidareutdanningsstudium i økonomileiing for alle leiarar med økonomiansvar. Studiet er gjennomført i samarbeid med Høgskolen i Hedmark.
- Finnøy har gjort avtale med Høgskolen Stord/Haugesund om oppstart av eit delprosjekt med fokus på "Ufrivillig deltid". Prosjektet gjeld tilsette i helse- og omsorgssektoren, skal gjennomførast i 2013 og vil inneholde både forelesingar og rettleiingsøker. Det vil bli sett av plassar også for tilsette i Rennesøy kommune.
- Som første steg i eit langsiktig arbeid med strategisk kompetanseplan for Finnøy og Rennesøy vil det over nyttår bli starta opp eit pilotprosjekt med kompetanseanalyse innanfor ei eining i Finnøy. Med bakgrunn i erfaringane frå piloten vil ein gå i gong med analyse av kompetansen i alle delar av organisasjonen i begge kommunane.
- Med basis i eit forskingsretta samarbeid med Høgskolen i Sør Trøndelag er det starta opp eit delprosjekt med fokus på dokumentasjon i helse- og omsorgssektoren.
- I etterkant av eit omfattande leiarutviklingsprogram gjennomført i 2010-11 har Rennesøy i 2012 hatt fokus på kommunevisjon og kommuneverdier. Heile organisasjonen har vore involvert, og i siste fase er dei folkevalde trekte aktivt med. Planen er å avslutte prosessen med vedtak i kommunestyret i februar 2013.

# Kven har ansvar for kva?

## STYRINGSGRUPPA

Styringsgruppa har ifølgje mandatet det overordna ansvaret for prosjektet. Medlemmane av styringsgruppa representerer dei ulike partane i tre-partssamarbeidet: folkevalde, tillitsvalde og administrasjonen. Styringsgruppa er ansvarleg for planlegging, oppfølging og gjennomføring av prosjektet.

Rådmann Knut Underbakke (Rennesøy) leier styringsgruppa— med prosjektleiar Vegard Thise som sekretær. Dei andre medlemmane er Helene Ohm, Helge Nessa, Synnøve Christensen og Henrik Halleland frå Finnøy— og Karin Dokken Austvik, Finn Opsahl og Jostein Eiane frå Rennesøy.

## PROSJEKTGRUPPA

I prosjektgruppa er Finnøy og Rennesøy i utgangspunktet likt representert, m.a. med ein HTV frå kvar kommune. Gruppa er eit arbeidande forum og er prosjektleiaren sin viktigaste samarbeidspartnar. Prosjektgruppa har ifølgje mandatet som oppdrag å gjennomføre dei konkrete tiltaka i høve til prosjektplan og søknad og er m.a. ansvarleg for forankring av og informasjon om prosjektet.


I tillegg til prosjektleiaren er Karin Dokken Austvik, Arnt Eivind Halvorsen, Svein Helgesen, Anne Brith Salte og Else Vignes med i prosjektgruppa.

## Litt om kompetanse og kompetansemobilisering



Professor Linda Lai frå BI, som var foredragshaldar på kick-offen for "Saman om" 3.september, har forska på kompetanse og kompetansemobilisering i offentlig sektor i rundt 20 år. Det ligg derfor lang og solid kunnskapsbasert erfaring bak tankane og synspunkta ho delte med leiarar og hovudtillitsvalde under samlinga på Utsyn.

*"Å være kompetent er å være i stand til, dvs. å ha kunnskaper, ferdigheter, evner og holdninger som passer til oppgaver, krav og mål. Å være kompetent er altså ikke en egenskap, men noe situasjonsbestemt (kompetansesvar)."*



*"Kunnskap er overfokuset og holdninger er underfokuset i kompetansearbeid. Kunnskap er ikke nok, men må kombineres med evne og vilje til å gjøre en god jobb."*

*"Tro på egen kompetanse, opplevelse av tillit og handlingsrom og riktig støtte fra leder og kollegaer er de tre viktigste driverne for indre motivasjon."*

## Har du noko på hjartet ?

"Saman om" er eit prosjekt som skal kome alle tilsette i Finnøy og Rennesøy kommune til gode. Derfor er spørsmål, innspel og idéar frå grasrota i organisasjonen viktig. Har du noko på hjartet, ta kontakt på e-post (eller tlf.) med prosjektleiar Vegard Thise ([vegard.thise@finnoy.kommune.no](mailto:vegard.thise@finnoy.kommune.no)) eller prosjektansvarleg i Rennesøy, Karin Dokken Austvik ([kda@rennesoy.kommune.no](mailto:kda@rennesoy.kommune.no)).



Samán om ein betre  
**KOMMUNE**

- eit rammeprogram for lokale prosjekt